



DEN NORSKE KYRKJA
Knarvik sokn
Postboks 228, 5903 Isdalstø

KYRKJEGYM

Hei ungdom! Vil du jobbe for og med barn?

Me søker etter ungdommar som er interessert i å jobbe for og med barn i Knarvik kyrkje. Du vil få løn, og dessutan arbeidserfaring som gjer nytte til framtidige jobbar. Interessert? Ta kontakt!

Du vil få

Relevant arbeidserfaring.

Løn etter gjeldande tariff.

Opplæring, tips og veiledning undervegs i arbeidstida.

Mulighet til å kome med idear og påvirke samlingane.

Arbeidsbekreftelse, nyttig på CV'en til framtidige jobbsøknadar.

Referanse til framtidige jobbsøknadar.

Du må

Vere ærleg, møte presis, og ta ansvar. Ønske å vere saman med barn. Vere positiv til eit kristent livssyn. Bli 15 år i 2024, eller vere eldre.

Formelle krav

I arbeidsmiljøloven står det at ungdom i skulepliktig alder kan jobbe maks to timar per dag, og at foresatte skriv under på at det er ok at deira ungdom har jobb i skulepliktig alder.

Politiattest må leverast.

Arbeidsoppgåver

Ordne i stand før KyrkjeGym, hjelpe til med praktiske oppgåver undervegs, rydde etterpå.

KyrkjeGym er tilpassa born i alderen 1-3 år, men alle er hjarteleg velkomne. Fri leik for borna i starten og mot slutten. Omtrent midtvegs er det hinderløype og kort bibelsamling. Det er ansvarleg vaksen tilstades.

KyrkjeGym er oddetalstorsdagar i skuleåret, kl 17-18.30. Kyrkja treng hjelp kl 16-19. Pga maks to arbeidstimar per ungdom, anset me tre ungdommar som jobbar to timar kvar gong (to jobbar kl 16-18, ein jobbar kl 17-19). Arbeidstida rullerer mellom alle tre. Forbehold om justerte arbeidstider. Hausten 2024 er det ca fem samlingar. Første KyrkjeGym i haust er 12.september. Jobben gjeld i utgangspunktet for skuleåret 2024/2025.

Skriv ein kort søknad med informasjon om deg sjølv og kvifor du ønskjer å jobbe med barn i kyrkja.

Har du spørsmål? Ta kontakt med Nina Jenny T. Monstad, mobil 400 43 749.

Send søknaden til Knarvik sokneråd v/dagleg leiar Synnøve Bjørndal,

enten via post.knarvik@kyrkja.no, via postboks 228 - 5903 Isdalstø, eller kom innom kontoret i Knarvik kyrkje.

Søknadsfrist: Mandag 19.august 2024.